VEDLEGG

DET KONGELEGE
KULTUR- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENT

Statsråden

Familie- og kulturkomiteen
Stortinget
0026 Oslo

Dykkar ref	Vår ref	Dato
2026/15255	26/3119	29. september 2026

Svar på representantforslag 297 S (2025-2026) om regulering av prediksjomarknadar og styrkt tilsyn

Eg syner til representantforslaget frå stortingsrepresentantane Mirell Høyer-Berntsen, Sunniva Holmås Eidsvoll, Ingrid Fiskaa og Kathy Lie om regulering av prediksjonsmarknadar og styrkt tilsyn – Dokument 8:297 S (2025-2026). Representantane har fremja følgande forslag:

1. Stortinget ber regjeringen utrede og fremme forslag til lovendringer som klargjør reguleringen av prediksjonsmarkeder, herunder vurdering av om og i hvilken grad slike tjenester bør omfattes av pengespilloven når de retter seg mot norske brukere, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.
2. Stortinget ber regjeringen fremme nødvendige lov og forskriftsendringer som gir myndighetene tilstrekkelige virkemidler til tilsyn, håndheving og stans av ulovlig eller uregulert virksomhet i prediksjonsmarkeder rettet mot norske brukere, samt styrke tiltak mot hvitvasking, markedsmisbruk og brudd på regelverk for pengespill og finansielle tjenester, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.
3. Stortinget ber regjeringen utrede behovet for særskilt regulering av prediksjonsmarkeder knyttet til valg, krig og konflikt, samt vurdere tiltak for å beskytte mindreårige og unge voksne, herunder regler for markedsføring, algoritmisk promotering og digital tilgjengeliggjøring, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.

Kultur- og likestillingsministeren sin vurdering av forslaga:

Eg er, som representantane, kjent med framveksten av det relativt nye konseptet prediksjonsmarknadar. Med prediksjonsmarknad meiner eg her digitale plattformer der

brukarar kan kjøpe og selje posisjonar basert på kva dei trur utfallet blir av hendingar som skjer i framtida. Plattformene opnar for å satse pengar på alt frå vêr og sport til politikk, krig og konflikt. Dei største aktørane har vakse fram frå USA, men har også fått auka merksemd og marknadsfører seg globalt.

Det er vanskeleg å seie noko klart om kor utbredd prediksjonsmarknadar er i Norge, men vi veit at det mellom anna går å spele på norske fotballkampar. Lotteri- og stiftelsestilsynet oppgir at dei får nokre førespurnadar frå journalistar og privatpersonar. Tilsynet har likevel ikkje tilstrekkeleg datagrunnlag til å talfeste kor mange nordmenn som speler i prediksjonsmarknadar. To mindre undersøkingar som Norsk Tipping har utført, viser at konseptet er kjent kring respondentane, men at svært få (1-2 %) seier dei har satsa pengar. Dei same funna gjeld for undersøkingar som Sentio har utført på vegne av Lotteri- og stiftelsestilsynet. Talmaterialet er likevel sopass lite at det ikkje er mogleg å konkludere på omfanget. Eg meiner uansett at aktiviteten ein ser rundt marknadsføring av prediksjonsmarknadar, omfanget globalt og ei auka offentleg merksemd, gir grunn til å følgje nøye med.

Sjølve deltakinga i prediksjonsmarknadar skjer ved at ein veddar på utfall som gir økonomisk gevinst dersom eit utfall som er definert i førehand faktisk inntreff. Slike aktivitetar vil normalt falle inn under pengespeldefinisjonen i pengespellova § 2. Eg viser her til at for at noko skal vere eit pengespel i pengespellova si forstand, må deltakaren 1) mot ein innsats 2) kunne vinne ein premie av økonomisk verdi, der 3) resultatet er heilt eller delvis tilfeldig.

Deltakarane i prediksjonsmarknadar satsar faktiske pengar eller anna av økonomisk verdi, slik som kryptovaluta. Vilkåret i pengespellova om at det må vere ein innsats, er difor oppfylt. Vidare kan deltakaren få økonomisk gevinst dersom hen tippar riktig utfall. Vilkåret om premie av økonomisk verdi, er då også oppfylt. Til slutt vil utfalla vere heilt eller delvis tilfeldig, dvs. heilt eller delvis utanfor deltakaren sin kontroll.

Når ein kjem til at prediksjonsmarknadar er pengespel, så vil det etter pengespellova vere forbod mot å rette tilbodet mot den norske marknaden utan å ha løyve. Reglane i pengespellova elles, kan også nyttast. Eg nemner her forbodet mot å marknadsføre eller medverke til å marknadsføre pengespel som ikkje har løyve. Vidare vil betalingsformidlingsforbodet gjelde, det vil seie at bankar og finansinstitusjonar skal stanse betalingstransaksjonar til og frå pengespel som ikkje har løyve.

Eg vurderer at vi allereie har ein teknologinøytral pengespellova som er egna til å fange opp digitale konsept som prediksjonsmarknadar. Eg er difor ikkje einig i at det er eit utprega behov for regelverkendringar i første omgang. Fokuset bør heller vere på å identifisere kven som står bak slike plattformer og kontrollere om konsepta er retta mot den norske marknaden. Dette er den same innfallsvinkelen ein i dag har for utanlandske uregulerte pengespelaktørar.

Spørsmålet om eit pengespel er retta mot den norske marknaden, avhenger av ei konkret heilskapsvurdering der ein mellom anna ser på om plattformene tilbyr norsk som språk, om betaling kan skje med norsk valuta og om det blir marknadsført i norske kanalar, for å nemne nokre. Det er Lotteri- og stiftelsestilsynet som gjer denne vurderinga, og eg viser i den forbindelse til at tilsynet allereie vurderer kor vidt ein av dei største plattformene – PolyMarket, er eit ulovleg pengespel som rettar seg mot den norske marknaden. Dersom det er det, vil det kunne vere aktuelt å DNS-blokkere sida, slik mellom anna Danmark gjorde i august i år. Franske spelmyndigheiter har også blokkert PolyMarket. Spelmyndigheitene i høvesvis Belgia, Hellas, Kypros, Nederland, Polen, Portugal, Romania, Sveits, Tyskland og Ukraina ser også ut til å ha gjort det same.

Sjølv om det ikkje finnest nokon global oversikt, er det grunn til å merke seg at ei betydeleg mengd land, særleg i Europa, behandlar og handhever prediksjonsmarknadar som ei form for pengespel/gambling. I tillegg til arbeidet Lotteri- og stiftelsestilsynet har sett i gang, bekreftar tilsynet at dei også vil følge med på utviklinga i andre land og i relevante internasjonale nettverk. Erfaringane dei tileignar seg der vil kunne bli nytta både i konkrete tilsynssaker, men også for eventuelle seinare vurderingar av om regelverket bør bli endra. I tillegg følger Norsk Tipping med på utviklinga, dels fordi det er grunn til å tru at unge og særleg unge menn er moglege kundar for prediksjonsmarknadane.

Dersom det i praksis viser seg ei vedvarande tvil om kor vidt prediksjonsmarknader er pengespel, eller dersom dagens handhevingsverktøy viser seg å ikkje strekke til, meiner eg at det vil vere aktuelt å sjå nærmare på om regelverket skal presiserast. Her vil Lotteri- og stiftelsestilsynets erfaringar vere sentrale. På kort sikt meiner eg likevel at innhenting av kunnskap, tilsyn og konkret handheving er viktigare enn endringar av regelverk.

På bakgrunn av dette så støttar eg ikkje representantanes forslag om å særleg regulere prediksjonsmarknadar. Definisjonen av pengespel gir etter mi vurdering eit godt utgangspunkt for å handtere dei utfordringane som representantane peiker på i sine tre forslag.

Med helsing

Lubna Jaffery